



Lars Haugland
Hauglandsvegen 57

5463 Uskedalen

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Synneve Skei	901 46 818	2026/5379-3		02.07.2026

Vedtak om pålegg om opprydding - akutt utslepp av møk - 125/2-3

Viser til synfaringa miljøretta helsevern hadde av hendinga om akutt utslepp av møk på eigedom 125/2-3 i Uskedalen den 01.07.2026.

Med på synfaringa var miljøkonsulent Synneve Skei og byggesakshandsamar Erick Trondsson Alvarado Kjellevoid.

Hendinga gjer at forureiningsmyndingheita går vidare med saka der vedtak om pålegg om opprydding vert fatta.

Vedtak om pålegg

Med heimel i lov om vern mot forurensningar og om avfall (forurensningsloven) § 7 fjerde ledd og § 37 andre ledd, og forureiningsforskrifta kapittel 2, vedtek vi med dette følgjande vedtak:

Opprydding:

Den som er ansvarleg for utsleppet plikta til å unngå og avgrense forureininga. Avbøtande tiltak må utførast til forureiningsfaren er over slik at vassførekomstane vert sikra mot avrenning og ytterlegare forureining.

1. Ansvarleg for forureininga vert pålagd å fjerne alle synlege og konsentrerte massar av husdyrgjødsel frå terreng, bekkefar, grøfter og vassdrag.
2. Mellombelse fangdammar eller oppsamlingsfeller bør etablerast for å hindre at restforureining vert vaska ut ved eventuelt regn.
3. Ureina massar som vert samla opp, skal lagrast forsvarleg i tette behaldar eller godkjent anlegg.
Frist for punkta over er snarast mogeleg.

4. Rydde opp fjerne gjødseltank og alt tilhøyrande utstyr og levere det til lovleg mottak.
Frist for punkt 4. vert sett til 21.07.2026 kl. 12.

5. Det vert sett krav om prøvetaking av Uskedalselva for å sjå på nivå av termotolerante koliforme bakteriar (E. coli / Intestinale enterokokkar). Dersom nivået er for høgt, skal de takast prøvar til grensenivået er akseptabelt.

Dokumentasjon skal sendast inn til post@kvinnherad.kommune.no, merk med 2026/5379. Frist for skriftleg melding med bilete vert sett til 03.08.2026.

Grunngjeving for vedtaket

Akutt miljørisiko: Husdyrgjødsel inneheld store mengder organisk materiale, nitrogen og fosfor. Eit akutt utslepp til vassdrag fører til ein akutt reduksjon av oksygenivaet i vatnet, noko som er kritisk skadeleg for fisk og botndyr. Vidare kan det føre til fare for varig skade på det lokale økosystemet dersom massane ikkje blir fjerna omgåande.

Plikt til opprydding: Sjølv om utsleppet skuldast eit uhell eller teknisk svikt, fritar ikkje dette den ansvarlege frå plikta til å rydde opp.

Pålegget vert vurdert som nødvendig og forholdsmessig for å hindre ytterlegare spreiring av forureininga og for å sikre at miljøtilstanden i vassførekomstane vert gjenoppretta.

Varsel om tvangsmulkt:

Som eit av verkemidla i forureiningslova for å få gjennomført gitte pålegg, er det i forurl. § 73 gitt heimel for ilegging av tvangsmulkt. Forurl. § 73 første ledd har fylgjande ordlyd:

For å sikre at bestemmelsene i denne lov eller vedtak i medhold av loven blir gjennomført, kan forurensningsmyndigheten fatte vedtak om tvangsmulkt til staten.

Dersom du ikkje fylgjer pålegget og ryddar opp innan fristen, vil vi vurdere å fatte eit vedtak om tvangsmulkt, etter forurl. § 73. Vedtaket vil gå ut på at dersom tilbakemelding om at forholdet ikkje er retta innan frist, vil eit vedtak om tvangsmulkt med eingongsbeløp på kr. 25000 og løpande dagmulkt på kr. 1000 for brot på forureiningslova § 7 frå og med 22.07.2026.

Mulka løper inntil kommunen har motteke skriftleg melding om at forholdet er retta.

Dine rettar:

Etter forvaltningslova § 16 skal part som hovudregel varslast før vedtak vert gjort. Førehandsvarsling kan likevel unnlatast dersom det ikkje er praktisk mogleg, eller dersom varsling kan medføre fare for at vedtaket ikkje kan gjennomførast. I denne saka gjeld forholdet forureining i strid med forureiningslova § 7, der det ligg føre ein situasjon som krev rask inngripen for å hindre ytterlegare miljøskade. Å sende ut førehandsvarsling vil kunne forseinke naudsynte tiltak og dermed forverre forureiningssituasjonen, sidan det er eit pågåande dyrkingstiltak på staden. På denne bakgrunn vurderer kommunen at vilkåra for å unnlata førehandsvarsling er oppfylte, jf. Forvaltningslova § 16 tredje ledd.

Klagerett

Du har rett til å klage på dette vedtaket i samsvar med **forvaltningsloven § 28**. Fristen for å klage er **3 veker** frå den dagen de tok imot dette brevet, jf. forvaltningslova § 28. Send klaga til post@kvinnherad.kommune.no

Med helsing
KVINNHERAD KOMMUNE

Synneve Skei
Konsulent miljøretta helsevern

Leif Ove Mikkelsen
Kommunedirektør

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Kopi til:
Synnøve Handeland

Rosendalsvegen 10

Mottakarar:
Lars Haugland